

Bridgelag i fyrste divisjon



Eit og eit halvt par av vinnarlaget i 2. divisjon gruppe B. F.v. Jens Erik Hansen med makker Tonny Urheim i midten, Trond Are Nitter til høgre. Sidan resten av laget ikkje bur på øya, fekk dei ikkje vera med på biletet. No er dei i 1. divisjon heile gjengen.

I Rubbestadneset sit Hau-galand 1 - Lutro bridgelag, dei vann ein klar siger i gruppe B 2. divisjon. Lutro har tre par og sorterer under Haugaland Bridgekrets. Para; Jens Erik Hansen og Tonny Urheim, Trond Are Nitter og Jan Lutro og Simon Eileraas og Helge Svendsen. Det er laget.

Bn: Mariann Gerdssøtter Sagvåg

Vestlandet, frå Odda til Bokn, sorterer under Haugalandet 1. I Rubbestadneset har dei eit aktivt bridgemiljø. Kvar måndag treffest folk i klubben for å bryna seg mot kvarandre.

– Par er viktige i dette spelet, forklarer Jens Erik Hansen. Han og Tonny Urheim, til dømes, har spelt i lag omrent sidan dei starta for meir enn 30 år sidan. Det same gjeld for Nitter og Lutro. Lutro bur i Ålvik, medan Nitter flytte til Bømlo for nokre år sidan. Men i dette spelet trenar dei mykje på nett, så det betyr mindre at dei ikkje fysisk sit ved same bord.

Det er fyrste gongen eit lag frå Rubbestadneset er i 1. divisjon, men dei har odla fleire spelarar noregstopen. Når nokre rykkjer opp ein divisjon, må andre ned. Det er slik det er. Det er berre plass til 12 lag på toppen.

Spe start i kjellaren på Wichmann

– I tenåra lokka Rune Haldorsen oss til å spela bridge. Me fekk ei cola kvar, for å møta opp i kjellaren på Wichmann. Det var stas med den flaska, spelet var ikkje noko viktig i starten. Litt om litt opplevde me likevel at dette spelet både var spanande og interessant. No har me spelt i par sidan den tid. 1982? Var det då? Dei ser på kvarandre Hansen og Urheim. Ja, det må det ha vore, samstemmer dei. Nitter nikkar.

– Det var same året som me starta det, slår han fast. I Rubbestadneset har det vore spela bridge minst sidan den tid. Seinare har det stadig vore ein aktiv bridgeklubb her i Rubben, smiler mennene. Nitter er formann i Rubbestadneset Bridgeklubb som vart stifta i 1972

Landsdekkjande serie

– I bridge konkurrerer me i seriar, omrent som i fotball, forklarar ein tålmodig Nitter. To helgar i året reiser dei til Eidsvoll for å spela. I fjor var dei der i november, då spalte dei mot fem andre lag.

– Me låg godt an til det siste treffet no sist helg. Då spalte me mot dei seks siste laga i vår divisjon (2). Då vann me klart. No er me altså i 1. divisjon.

– Er det ofte at Haugaland har lag i 1. divisjon?

– Nei, smiler Hansen. Det er over 30 år sidan sist – det var før me tok til å spela. Etter høgare me kjem opp i divisjonane – dess vanlegare er det at laget hentat spelarar frå andre deler av landet. No, til dømes, får me spørsmål frå andre par rundt i landet om dei kan få vera med oss i 1. divisjon. Det er ikkje uvanleg at lag tek inn andre par. Mest som i fotball, dei hentat dei beste spelarane.

– Det spelar ikkje noko rolle kor dei kjem ifrå, forklarar Nitter. – Her får dei ikkje løn altså, smiler han, det er jo ein skilnad. Me vil ikkje ha fleire eller andre med. Me er tre par, og me byter på, slik at alle kan få ein pause. Det kan vera

slitsamt å sitja ein heil dag å spela. Tre par passar heilt fint for vårt lag.

Kort og kort

Spelekarta er greie nok. Me har spelt nokre runder amerikanarar.

– Likar ein amerikanar så likar ein bridge, slå vinnarane fast. Det er omrent det same. Meldingar, trumf og stikk og slikt. Så kjem det som skil.

– Det er derfor folk må på kurs, forklarar Nitter. For å læra om dei andre korta. Her er kort for å mælda og passa. Kortstokken vert ikkje stokka mellom kvart spel, men kvar deling vert lagt tilbake i ein kassett, slik at neste lag skal spela med akkurat den same delinga. Alt går rundt og rundt – frå bord til bord og frå lag til lag. Det er her det byrjar å bli komplisert. Dei som vil læra bridge må på kurs.

Samspel

– De vert vel godt kjende med kvarandre sine faktar etter kvart. Både makker sine og dei andre para sine? undrar me.

– Nei, det er ingen faktar. No er det ikkje noko slikt att, for-

klarer Nitter.

– Me sit bak ein skjerm når me er på turnering, smiler Hansen. – Me ser ikkje kvarandre. Skjermen står diagonalt mellom para, slik at eg og ein frå det andre paret kan sjå kvarandre, og tilsvarende på andre sida av skjermen. Me ser berre bordet og korta.

Gratulasjonar

– Er det stas for dei andre her i Rubbestadneset, til dømes, at de er komne på toppen?

– Ja, det er det heilt klart, svarar Hansen. – Dette er som om Bremnes skulle spelt i eliteserien i fotball, mot Brann og Rosenborg dette, føyer ein nøgd Nitter til. – Så no har de fått kaka og blomar og slikt då? prøver me.

– Nei, har ikkje sett noko slikt, ler dei. – Men me har fått mange gratulasjonar, på alle vis, meldingar og ansikt til ansikt. Då er det vel berre for oss her i avisar å gjera det same då. Gratulerer med plaseringa, Lutro!